

ÅRSMELDING FIN 2024

Årsmøte 11. april 2024

Årsmøtet i Flora Industri- og Næringsforening vart halde på Victoria Hotell 11. april 2024. 50 personar møtte fram, og representerte medlemsbedriftene i FIN.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Tor Førde (ny), vald for 2 år
Nestleiar	Linn Theres Nekkøy (attval), vald for 2 år
Styremedlem	Tore Nyttingnes (ny), vald for 2 år
Styremedlem	Kristin Bergstøl Hansen (ikkje på val)
Styremedlem	Anders J. Lien (ikkje på val) – slutta september 2024
Varamedlem	Lone Bareksten (ny) vald for 1 år
Varamedlem	Deon Mortensen (ny) vald for 1 år – erstatta A. J. Lien som styremedlem frå september 2024

Fordeling verv:

Styreleiar Tor Førde og nestleiar Linn Theres Nekkøy tiltrer i rollene 1.1.2025.
Bjørn Hollevik vert konstituert leiar fram til 1.1.2025.

Val av valkomité

Etter innstilling frå styret vart desse valde som valkomité:
Ann-Kristin Strømmen (ny), Marianne Ullaland Knapstad (ny) og Bjørn Hollevik (ny).
Valkomitéen konstituerer seg sjølv.

Årsmøte 2024

Årsmøtet la vekt på at FIN må fortsette å samarbeide med andre institusjonar og næringslivsorganisasjonar. Her må FIN og bedriftene legge til rette for og spele på lag med NAV for å få ungdom, som fell utanfor det vanlege løpet, ut i arbeid. Bedriftene må sjå at ein kan senke terskelen, og ta inn ungdom som ikkje nødvendigvis har gått eit tradisjonelt studieløp. Energi / kapasitet og grøn energi til Florø er eit viktig tema. FIN må halde oppe presset mot Linja, og løfte fram Grov som viktig knutepunkt. Sjå til at linjeføringa frå Guleslettene vert gjennomført. Næringsareal, flyruter og trafikkutfordringar i sentrum er saker FIN heile tida er aktive på, og som vi har fått ein del merksemd på i media. Rekruttering til VGS har vore eit gjennomgåande tema, og FIN må aktivt promotere

utdanningsmessa ut til medlemsbedrifter der elevar på grunnskule og VGS kan sjå arbeidsmoglegheitene i Florø.

Dei viktigaste sakene for FIN styret i 2024:

- Grøn energi – ny kraftlinje
- Rekruttering til yrkesfag, Florø VGS, lokale bedrifter og samarbeid mellom skule og næringsliv.
- Planlegging av opne møter
- Engasjere seg i kommuneplanar
- Involvere seg i infrastruktur

Oppfølging av saker i 2024

Nettleige og energikapasitet

Ein ser eit tydeleg behov for auka energi til Florø, som krev kopping frå Guleslettene over fjorden og utbygging frå Grov og vestover. For å realisere dette er vi avhengig av eit godt samarbeid mellom Linja og næringslivet. Skal ein realisere det grønne skiftet i Florø, må ein fleirdoble kapasiteten av grøn energi til Florø. Vi er i eit overskotsområde, men treng utbygging av tilførselslinja. Tilgang på kraft, areal, reguleringar, tilgang på kompetanse og finansiering er avgjerande moment.

FIN jobbar for å halde oppe presset mot Linja, og løfte fram Grov som eit viktig knutepunkt. Dette blei blant anna gjort på dialogmøte med Statnett januar 2025. Florø har eit sterkt og aktivt industrimiljø som har sterkt behov for kraft for å utvikle seg, og dette må vektleggast. Bedriftene som treng meir energi må prioriterast, og det må jobbast politisk. Vi må vise kva initiativ det er i Florø, slik at ein blir høyrte i kampen om energien.

Rekruttering, utdanning og kompetanseheving

Rekruttering til bedriftene våre er eit av dei viktigaste oppgåvene, i lag med samferdsle og næringsareal. FIN styret har dette oppe som tema. For FIN er det viktig å satse på fagutdanning, og vi ønsker at næringslivet tek ansvar ved å ta inn praksiselevar og lærlingar.

Eit døme på samspel mellom næring og framtidige arbeidstakarar er utdanningsmessa i januar 2025. Messa var ein stor suksess, der over 1000 personar var innom dei 60 bedriftene som stilte opp med stand. Her hadde også utvalde bedrifter presentasjon, og opplevde av elevar kom innom standen i etterkant for å stille spørsmål og interesse.

Styret i FIN ser det som viktig å rekruttere til yrkesfagutdanning og rekruttere ungdommane til bedriftene lokalt. FIN har aktivt promotert utdanningsmessa ut til medlemsbedrifter der

elevar på grunnskule og VGS kan sjå arbeidsmoglegheitene i Florø. Dette er eit initiativ som blir gjentatt, og FIN vil fortsette den aktive promoteringa av messa.

Florø har i seinare tid fått etablert fleire engasjement som gir tilgang på kompetanseheving og vidareutdanning. Dette er viktige initiativ som bidreg til auka kompetanse i bedriftene og beheld tilsette. Eit tettare samarbeid mellom kompetanseaktørar og FIN vil hjelpe på dette.

Kommunedelplan – arealdel / samfunnsdel

FIN legg vekt på at kommunen må framstå som næringsvennleg, slik at eksisterande og nye verksemder utviklar seg og etablerer seg i Florø.

Aktivitet i 2024

Møter

Styret i FIN og enkeltmedlemmar har sidan sist årsmøte vore delaktig i møter med eksterne aktørar.

I april 2024 deltok FIN på folkemøte om Måsholmen / containerhamn.

I mai arrangerte FIN møte med stortingsrepresentantar og havbruksnæringa i Florø + bedriftsmøte hos Cargill.

På andre halvdel av året engasjerte styret i FIN seg i årets TV-aksjon, og bidrog til eit betydeleg auka bidrag frå næringslivet, frå 26.000 i 2023 til 216.000 i 2024.

Representantar frå FIN sitt styre deltok på Florø Bulystforening / Naturvernforbundet sitt møte / båttur i oktober 2024.

I januar 2025 var det dialogmøte med Statnett og Linja, og her held FIN trykket oppe mot dei to aktørane på realisering av Grov som knutepunkt.

Økonomisk støtte

Styret i FIN har gitt økonomisk støtte til arrangementet «Jenter og teknologi» og nettverket «Flora U40», og frukostmøtet til Aksello. Vi opplev ein jamn og stabil medlemsmasse, med auke på 3 medlemmar sidan førre årsmøte.

Påbegynt og vidare arbeid

FIN ønsker å arrangere eit medlemsmøte der NAV orienterer om integreringsarbeid og samarbeid med næringslivet, og utfordringar med ungdommar som fell utanfor utdanning og arbeid. I tillegg ønsker FIN å få til eit medlemsmøte med Statens Vegvesen, om utfordringar og løysingar ved utbygging av Markegata.

Styret hadde møte med kommunelege om auka sjukefråvær i november 2024. Hensikten med møtet er å sjå om det er mogleg å redusere korttidssjukefråvær gjennom ulike tiltak, til dømes betre dialog og samarbeid mellom fastlege og arbeidsgjevar, for å sjå om det er mogleg med tilpassing av arbeidsoppgåver og bruk av restkapasitet før sjukemelding. Her er FIN i gang med å få på plass dialog og møter.

Samarbeid med næringsorganisasjonar

Det siste året har FIN samarbeid med Aksello og Hub for Ocean.

FIN støttar Hub for Ocean og Kinn kommune sitt arbeid med «Jenter og teknologi», ein dag som skal inspirere jenter til å velje teknologi- og realfagsrelaterte yrker. Dette er eit viktig tiltak for å framtidig og mangfaldig rekruttering hos medlemsbedriftene våre.

FIN har aksjar i Aksello og betaler et eigartilskot ut frå aksjonæravtala. Aksello leverer fleire tenester som FIN ser på som viktige, som frukostmøter, nettverk og rekrutteringstreff. I tillegg leverer Aksello inkubator tenester gjennom SIVA. Her tilbyr dei bistand til innovative bedriftsetableringar og til eksisterande bedrifter som treng strategisk utvikling, ser på nye marknader og skaleringspotensiale.

Aksello sender jamnleg ut nyheitsbrev med informasjon om arrangement som til dømes frukostmøte og andre nyheiter frå næringslivet i Florø. Det kan du melde deg på her:

<https://aksello.no/nyheitsbrev/>

Styrearbeid 2024

Sidan årsmøtet 11.04.2024 har styret hatt 6 styremøte og delteke på fleire møte med eksterne aktørar der enkeltrepresentantar frå styret har møtt. Tidlegare og noverande styreleiar har vore aktivt ute i media på saker FIN er engasjerte i.

Dei fleste sakene blir lagt ut på nettsida www.florain.no

Organisering

Kinn Regnskap AS har også i 2024 vore forretningsfører for FIN. A til Å v/ Anita Øygaard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN, og denne funksjonen gjekk over til Maria Hunvik frå 1.1.25.

Medlemsutvikling

FIN hadde 69 medlemsbedrifter pr. 27.01.24 – ein auke på 3 bedrifter sidan førre årsmøte.

Florø DATO

Tor Førde
Leiar FIN

Linn Theres Nekkøy
Nestleiar FIN

Tore Nytingnes
Styremedlem

Kristin Bergstøl Hansen
Styremedlem

Deon Mortensen
Styremedlem

Lone Bereksten
Varamedlem